




VOLDA KOMMUNE
6100 VOLDA

RYDDEAKSJONEN 2007 INVITASJON TIL DELTAKING.

Volda kommune har i samarbeid med Volda Handelsforening og Volda sentrum grendalag teke initiativ til å arrangere ryddeaksjon i sentrumsområda no når vinteren slepp taket og snøen forsvinn.

Bakgrunnen for initiativet er å rette fokus på det ytre miljøet og å gjere eit forsøk på å skape ei felles forståing og ansvarskjensle for omgjevnadane våre og for at bygda skal vere skikkeleg presentabel.

Kommunen utfordrar kvar og ein av innbyggjarane, frivillege lag og organisasjonar, institusjonar, næringslivsbedrifter, skular, barnehagar, kommunale avdelingar m.fl. om å ta del i aksjonen, som er planlagt gjennomført:



Tysdag 17. april 2007
Kl 17:30 – 20:00

Aksjonsområdet vil vere sentrumskjerna, Elvadalen, institusjonsområda, kommunale skule- og barnehageområde, stadionområdet, sjukehusområdet, områda ved høgskulen og vidaregåande skule, Furene industriområde.

Sekkar til å samle bos i kan ein få utlevert hjå kommunen på aksjonsdagen og samleplassar vil verte oppretta på fleire stader i sentrum.

Ein treng ikkje vere bunden til å aksjonere på kveldstid, men heller legge opp arbeidet slik at det passar den einkilde.

Annonse i lokalpressa vil gje nærare orientering om praktisk gjennomføring.

Alle er hjarteleg velkomne til å vere med å gjere det vakrare i Volda denne dagen.

Med helsing
Volda kommune

Ragnhild Aarflot Kalland

ordfører

Til: Skular, barnehagar, kommunale avd., institusjonar, Sjukehuset, VTI,
Studentsamskipnaden, Næringslivsbedrifter, Furene industriområde
Volda vg.skule, Høgskulen

Postadresse:
Stormyra 2
6100 VOLDA

Telefon:
70 05 87 55
(dir.innval til saksh.)

Telefaks:
70 05 87 01 Volda kommune

Org. nr. 939 760 946
Postgiro skatt 7855.05.15198
Bankgiro 3991.07.81727

Gateadresse:
Stormyra 2

E-post:
postmottak@volda.kommune.no